

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 50/2010

av 30. april 2010

om endring av vedlegg IX (Finansielle tenester) og vedlegg XII (Fri rørsle av kapital) til EØS-avtala

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg IX til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 10/2010 av 29. januar 2010⁽¹⁾.
- 2) Vedlegg XII til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 43/2005 av 11. mars 2005⁽²⁾.
- 3) Europaparlaments- og rådsdirektiv (EF) nr. 2009/44/EF av 6. mai 2009 om endring av direktiv 98/26/EF om endeleg oppgjær i betalingssystem og i oppgjærssystem for verdipapir og direktiv 2002/47/EF om avtaler om finansiell sikkerhetsstillelse, med omsyn til samankopla system og gjeldsfordringar⁽³⁾ skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg IX til avtala nr. 16b (europaparlaments- og rådsdirektiv 98/26/EF) vert følgjande lagd til:

”, endret ved:

- **32009 L 0044:** Europaparlaments- og rådsdirektiv (EF) nr. 2009/44/EF av 6. mai 2009 (EUT L 146 av 10.6.2009, s. 37).”

⁽¹⁾ TEU L 101 av 22.4.2010, s. 19, og EØS-tillegget til EUT nr. 19 av 22.4.2010, s. 19.

⁽²⁾ TEU L 198 av 28.7.2005, s. 45, og EØS-tillegget til TEU nr. 38 av 28.7.2005, s. 26.

⁽³⁾ TEU L 146 av 10.6.2009, s. 37.

Artikkel 2

I vedlegg XII til avtala nr. 4 (europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/47/EF) vert følgjande lagd til:

”, endret ved:

- **32009 L 0044**: Europaparlaments- og rådsdirektiv (EF) nr. 2009/44/EF av 6. mai 2009 (EUT L 146 av 10.6.2009, s. 37).

Forordningens bestemmelser skal for denne avtales formål gjelde med følgende tilpasning:

I artikkel 1 nr. 4 bokstav c) får ordene ”som definert i artikkel 1 og artikkel 2 nr. 2) og 3) i vedlegget til kommisjonsrekommendasjon 2003/361/EF av 6. mai 2003 om definisjonen av svært små, små og mellomstore bedrifter” ikke anvendelse.”

Artikkel 3

Teksta til direktiv 2009/44/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 4

Denne avgjerda tek til å gjelde 1. mai 2010, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala(*).

Artikkel 5

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel, 30. april 2010.

For EØS-komiteen

A. Seatter

Formann

(*) Forfatningsrettslege krav oppgjevne.